




DEN NORSKE KYRKJA  
KYRKJEKONTORET I ETNE



5590 ETNE, 22. november 2006


Vår ref.: hss/06/ 063  
Org.nr.: 00 976 994 493

Kultur og Kirkedepartementet  
Kirkeavdelingen,  
Postboks 8030 Dep.,  
0130 OSLO

**Staten og Den norske kirke – Høring.**

Etne kyrkjelege Fellesråd har handsama saken i møtet 15.11.2006.

Me sender over spørjeskjema, saman med kommentarane til spørsmåla.

*Med venleg helsing*  
*Etne kyrkjelege Fellesråd*  
  
**Harald Sirnes**  
*kyrkjeverje*

Post  
Kyrkjekontoret  
Postboks 6  
5591 Etne

Telefon  
53 77 11 70  
Telefax  
53 77 11 73

Bank:  
Etne Sparebank  
Konto: 3543.15.19370  
e-post : [kyrkjeverja@etne.online.no](mailto:kyrkjeverja@etne.online.no)

## Staten og Den norske kirke - Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: *Etne Kirkelege Fellesråd*

### Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

### 1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

*ja motat*

### 2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

### 4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

**5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?**

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttsende organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

**6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i §2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?**

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

**7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?**

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

**8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?**

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

## Høyringsfråsegn frå Etne Kyrkjelege Fellesråd vedrørande Stat-Kyrkje-høyringa

1. Ettersom tida går vert gårsdagens mønster og måtar å organisera samfunnet på endra. Slik er det og med religion. Gjennom dei siste desennier har nye religionar fått større plass i Noreg. Dette utfordrar oss til å evaluere tidlegare ordningar. Skånevik sokneråd meiner at følgjande prinsipp bør liggja til grunn for trus- og livssynspolitikken:
  - Jamstelling mellom trus- og livssynssamfunn
  - Trus- og livssynssamfunna må ha sjølvråderett med tanke på å spørsmål som gjeld leiarskap og lære
  - Staten bør føre ein aktiv støttande trus- og livssynspolitikk.
2. Vi merker oss at høyringsbrevet legg opp til ein språkbruk der to av dei tre hovudmodellane utvalet legg opp til er å forstå som ei avvikling av statskyrkja. Når vi svarer av at denne bør avviklas meiner vi at tilhøve mellom stat og kyrkja bør endrast frå slik det er i dag.
3. Vi er av den oppfatning av tida er moden for ein endra relasjon mellom kyrkje og stat. Denne vil bli best teken vare på med ei lovforankra folkekyrkje med ein eigen kyrkjelov vedteken i Stortinget.
4. Det er viktig å finna finansieringsordningar for trus- og livssynsamfunna som ikkje er med på ekskludere nokon. Dette kan best gjerast ved at det offentlege står for hovudfinansieringa. Soknerådet sluttar seg til fleirtalet i utvalet som meiner at løn og personalkostnader vert dekkja av statleg tilskot, kommunane har ansvar for drift og vedlikehald av bygningane og eit medlemsbidrag til å finansiere andre aktivitetar som kyrkjelyden har. Eit slikt medlemsbidrag kan og føra til større lokalt engasjement i arbeidet til kyrkja.
5. Valordningane bør være som dei er i dag, men det må gjerast arbeid for å auke oppslutninga og engasjementet omkring vala.
6. Sjølv om ein verdiparagraf har avgrensa rettsleg funksjon ser vi at den symbolske effekten av ein slik paragraf vil være stor. Med bakgrunn i vårt lands historie og tradisjon stør vi fleirtalet i Gjønnnes-utvalet som foreslår at denne vert utforma slik: ”Alle Indvaanere af Riget have fri Religionsutøvelse. Den kristne og humanistiske Arv forbliver Statens Værdigrundlag.”
7. Fellesrådet er ikkje samstemt når det gjeld ansvaret for gravferdsforvaltninga. Halvparten meiner at den lokale kyrkja skal ha ansvaret, medan den andre halvparten vil ha dette til å være eit kommunalt ansvar. Hjø oss fungerer dagens ordning svært godt og fleirtalet ser derfor inga grunn til endring i dette. Det er i alle høve viktig at det er ein viss fleksibilitet vedrørande dette slik at ein lokalt kan leggja til rette slik det er mest hensiktsmessig.
8. Den lokale kyrkja bør framleis eiga kyrkjene og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret. Samstundes er det svært viktig at det vert etablert særskilte finansieringsordningar for freda og verneverdige kyrkjer. For ein kommune med lågt folketal og fleire gamle kyrkjer er det ein umogleg oppgåve å ha heile dette ansvaret sjølv.